

Prop. 133 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2015 under Forsvarsdepartementet (Endringar i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 29. mai 2015,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av godtgjering for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2015.

2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på resultatet av lønsoppgjeret mellom staten og LO Stat, YS Stat, Unio og Akademikerne. Med grunnlag i lønsoppgjeret for statstilsette blir godtgjering til vernepliktige mannskap tilrådd auka med 0,2 prosent frå 1. juli 2015.

Meirutgiftene for 2015 er utrekna til 1 032 000 kroner.

3 Bakgrunn

I mange år er økonomiske ytingar til soldatar regulert med grunnlag i lønsoppgjeret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har på normal måte lagt til grunn reguleringa i lågaste lønstrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten.

Lønsoppgjeret for tilsette i staten i lønstrinn 19 gav eit kronetillegg på A-tabellen, som utgjer ei regulering på 0,2 prosent.

4 Vurderingar

Forsvarsdepartementet legg til grunn reguleringa i lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Dette er i samsvar med tidlegare års praksis. Årets lønsoppgjer medfører at resultatet er lågare enn dei siste åra. Innanfor ei ramme med lite friske midlar er det likevel teke omsyn til låglønne. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at utskrivne vernepliktige bør få ei regulering på 0,2 prosent med verknad frå 1. juli 2015.

5 Regulering av satsane

Forslaget medfører følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2015:

Tenestetillegg frå kr 167,-	til kr 167,30 per dag
Tillegg for visekorporal/tilsvarande, uendra kr 20,40	
Tillegg for korporal frå kr 22,40	til kr 22,50 per dag
Kompensasjonstillegg frå kr 468,-	til kr 469,- per dag
Ektefelletillegg frå kr 4 500,-	til kr 4 509,- per måned
Barnetillegg, første barn, frå kr 5 100,-	til kr 5 110,- per måned
Barnetillegg for barn, utanom det første, frå kr 2 100,-	til kr 2 104,- per måned
Dimisjonsgodtgjering 12 månaders teneste frå kr 32 120,-	til kr 32 184,-
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 62,-	til kr 62,10 per dag
Operativt tillegg (§13-opppdrag) frå kr 1 288,-	til kr 1 291,- per dag
Tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke frå kr 901,-	til kr 903,- per dag

6 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene av forslaget er utrekna til 1 032 000 kroner for 2015 etter følgjande fordeling:

Auke i tenestetillegg og tillegg for korporal/visekorporal/tilsvarande	kr 560 898,-
Auke i kompensasjonstillegg	kr 47 503,-
Auke i forsørgjartillegg	kr 19 199,-
Auke i dimisjonsgodtgjering	kr 355 896,-
Auke i utdanningsbonus, dagsats	kr 12 889,-
Auke i tenestetillegg Heimevernets innsatsstyrke og operativt tillegg (§13-opppdrag)	kr 35 965,-

Endringer i statsbudsjettet 2015 under Forsvarsdepartementet
(Endringer i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i statsbudsjettet 2015 under Forsvarsdepartementet (Endringer i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer i statsbudsjettet 2015 under Forsvarsdepartementet (Endringer i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap») i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2015 under Forsvarsdepartementet (Endringer i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

I

I statsbudsjettet for 2015 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1719		Fellesutgifter og tilskot til føretak under Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 284 599 000 til kr 284 600 000	1 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 3 727 028 000 til kr 3 727 089 000	61 000

Endringer i statsbudsjettet 2015 under Forsvarsdepartementet
(Endringer i «Regulativ for tillegg til utskrivne vernepliktige mannskap»)

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 101 948 000 til kr 2 101 980 000	32 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 5 318 641 000 til kr 5 319 177 000	536 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 3 517 165 000 til kr 3 517 310 000	145 000
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 4 691 122 000 til kr 4 691 227 000	105 000
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 229 209 000 til kr 1 229 324 000	115 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 036 291 000 til kr 2 036 294 000	3 000
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 033 710 000 til kr 1 033 743 000	33 000
1795		Kulturelle og allmennyttige føremål	
	01	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 271 065 000 til kr 271 066 000	1 000